



PLAN FOR FØREBYGGGANDE ARBEID FOR BARN OG UNGE

Bygland kommune 2022

Innholdsliste

Innleiing	3
Førebyggjande arbeid på grønt, gult og raudt nivå	4
Mål for kommunen	5
Nasjonale og regionale føringar	5
Utfordringsbiletet i kommunen	5
Dagens organisering og samarbeid	7
Satsingsområder og tiltak	7
Oversikt over førebyggjande tiltak retta mot barn og unge.....	11

Innleiing


Sjølv om Noreg er eit føregangsland i arbeidet for å sikre trygge oppvekstforhold for barn, blir framleis mange av dei som treng oss mest overlatt til seg sjølve. NOU-rapporten 2017:12; «Svikt og svik» viser alvorlege svikt på systemnivå i mange kommunar, sjølv om barnet og familien mottok hjelp frå fleire instansar. Det viser kor viktig samhandling og koordinering av tenester er.

I januar 2022 kom det endringar i barnevernslova §3-1. Denne krev at kommunestyret skal vedta ein plan for kommunens arbeid for å førebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem hos barn og unge. Planen skal bidra til ein overordna forankring av det førebyggjande tilbodet i kommunen, og er eit viktig verktøy for å sikre eit forpliktande og systematisk arbeid på tvers av faginstansane.

Planen skal skildre kva som er måla for arbeidet, korleis arbeidet skal organiserast og fordelast mellom etatane i kommunen, og korleis etatene skal samarbeide.

Bakgrunnen for planen er endringane i kommunens oppgåver etter Barnevernsreforma. (Det er eit nasjonalt fokus at reforma sine mål best blir nådd gjennom endring i heile oppvekstsektoren, og ikkje bare barnevernet, noko som etterkvart ga reforma nemninga Oppvekstreforma.)

Det vil ikkje lengre følgje av barnevernslova at det er leiar for barnevernet som har ansvaret for oppgåver etter lova. Hovedføremålet med endringa er å streke under ansvaret kommuneleiinga har for barnevernstenesta, og styrke dette ansvaret.



Førebyggande arbeid på grønt, gult og raudt nivå.

Førebygging for barn og unge skjer på tre ulike nivå i dei kommunale tenestane; universelt (grønt), selektivt (gult) og indikativt (raudt) nivå. Barnehage og skule er to av dei viktigaste tiltaka på grønt nivå. Internasjonale undersøkingar viser at barnehagar av høg kvalitet kan kompensere for og beskytte barna mot familiebasert risiko som fattigdom, rusmiddelmissbruk, depresjon hos føresette og familieoppløsning (fhi.no).

Ein helsefremjande skule er kjenneteikna ved eit miljø der elevane ikkje blir mobba, der dei er del av eit fellesskap med jamnaldrande og der dei opplever å meistre skulearbeidet. Fleire program mot mobbing og åtferdsproblem har god effekt og vert anbefalt gjennomført i alle grunnskular i Noreg.(fhi.no)

Universelle nivå (grønt nivå)

- er retta mot alle barn, uavhengig av risikonivå.
- byggande, førebyggande og helsefremmande arbeid.
- døme vil kunne vere oppfølging og kontrollar på helsestasjon, full barnehagedekning, gratis grunnskule og ulike førebyggingsprogram i skule og barnehage.
- Om lag 99 % av alle barn og unge i Noreg mottar tiltak på grønt nivå (bufdir.no).

Selektive tiltak (gult nivå)


- er retta mot individ eller mindre grupper som lever med kjend og auka risiko.
- eit mål om å styrke vernefaktorane; som godt fungerande familiar, emosjonelle relasjonar og tilknytning, omsorgsfull og konsekvent oppdraging, evne til problemløysing og evne til å leve med risikofaktorar.
- Om lag 20% av alle barn mottar hjelp på gult nivå.

Indikative tiltak (raudt nivå)

- Er retta mot enkeltpersonar med høg risiko for vanskar/sjukdom.
- Desse barna har ofte behov for samansette tenester.
- Om lag 10 % av alle barn mottar hjelp på raudt nivå.

Dei ulike tenestane på dei ulike førebyggande nivåa skal samarbeide godt og samhandle for å gi barn og unge riktig tiltak, på riktig nivå, til riktig tid (bufdir.no).

Modellen på neste side illustrerer korleis krava i oppvekstreforma ynskjer å endre dimensjonen på barneverntenesta til å bli meir spesialisert mot raudt nivå. Som modellen viser skal det raude området i trekanten bli smalare, det gule området flyttast oppover og det grønne området bli større. Det vert tilrådd at kommunane har klart definerte tenester/tilbod på gult nivå, sjølv om det er ei valfrihet for kommunane knytta til kva slags tenester som skal levere tilbod/tiltak på gult nivå og kva slags tenester som skal levere tenester på raudt nivå.



Mål for kommunen

- *Barnets beste* skal alltid vere eit grunnleggande omsyn i arbeidet med barn og unge i Bygland kommune. Koordinere tenester til barn og unge med identifisert risiko, og bygge laget rundt barnet og familien.
- Prioritere førebyggjande arbeid.
- Legge til rette for reell brukarmedverknad for barn, unge og deira føresette.

Nasjonale og regionale føringar

Det har dei siste åra vore vedtatt ulike lovendringar og reformar som alle har til hensikt å bidra til at kommunens heilheitlege tenesteyting vert styrka. Dei viktigaste endringane er:

- Forskyvning av oppgåver frå stat til kommune gjennom oppvekstreforma. Kjøp av statlege barneverntiltak blir no betydeleg dyrare, og målet er at kommunane skal ha auka fokus på tidleg innsats og verksame tiltak. Tverrfagleg samhandling er eit viktig tiltak for å lykkast med dette.
- Endringar i velferdslovgivningar. I proposisjon 100 L er det lagt fram forslag til lovendringar som regulerer og stiller større krav til samarbeid og samordning mellom til dømes skule,

barnehage og helse. Det er ei forventning om at endringane skal sikre inkludering av alle barn i fellesskapet, og at det vert bygd sterke lag rundt barnet.

Kommuneplanen med samfunnsdel og arealdel, er saman med økonomiplanen og årsbudsjettet kommunen sitt viktigaste styringsdokument. Han legg langsiktige føringar for kommunen si verksemd og tydeleggjer kva rolle Bygland kommune skal ha i utviklinga av lokalsamfunnet, regionen og omverda. Fram mot 2032 skal Bygland kommune blant anna

- Jobbe tverrfagleg for å redusere sosial ulikskap, særleg oppvekstvilkåra til barn og unge.
- Skape gode møteplassar mellom folk frå ulike nasjonar.
- Prioritera tidleg innsats og arbeidet med å bryte negativ sosial arv.

Utfordringsbiletet i kommunen

Kommunen har levekårsutfordringar på enkelte område. Til dømes viser Folkehelseinstituttet sin statistikkbank at andelen barn som bur i hushaldningar med låg inntekt er høgare enn landsgjennomsnittet og det same er andelen innbyggjarar som mottek offentleg stønad.

Tilsynsrapportane frå Setesdal barnevern har over fleire år vist at kommunen har betydelege utfordringar i høve levekår. Bygland har fleire saker i barnevernet enn nabokommunane, og sakene er til dels komplekse og alvorlege.

I tilstandsrapporten frå 2021 viser Oppvekstombudet i Agder at ombudet har hatt mange henvendingar frå Setesdal dei siste to åra. At skule og barnehage kontaktar oppvekstombudet er positivt. Det som er urovekkande er at oppvekstombudet ser at saker som handlar om mobbing og utestenging ofte gjeld innflyttarar til kommunen. Dette kan tyde på at Setesdal, og Bygland, har ei utfordring når det gjeld inkludering.

Folketalet i kommunen er synkende. Dette gir både barn, unge og foreldre eit mindre sosialt nettverk. Forsking viser at sosiale nettverk og kontakten mellom nettverka er svært viktig for å førebygge psykisk uhelse.

Ungdataundersøkinga viser at vi har ein aukande trend når det gjeld ungdom som ofte gruar seg til å gå på skulen. I 2014 var det 20% som svarte at dei ofte, eller svært ofte, gruer seg til å gå på skulen. I 2022 var det 34%. Trenden viser og litt mindre tru på at dei vil få eit godt liv når dei blir vaksne, og at litt færre har tru på at dei vil klare vidaregåande skule.

Samstundes viser undersøkinga at ein har fleire beskyttelsesfaktorar. Til dømes seier alle at dei har minst ein ven (treng ikkje vere lokalt), dei er nøgd med familien, og kjenner seg trygge i nærområdet.

Bygland kommune har og eit strukturelt utfordringsbiletet. Gjennom ein to-nivå organisering er kommunedirektøren direkte ansvarleg for alle tenestemråda i kommunen. Krav til kommunen om effektiv og kvalitativ tenesteyting utfordrar denne organiseringa.

Kommunen har i tillegg ein utfordrande situasjon i høve interkommunale samarbeid. Vår geografiske plassering og infrastruktur har gjort at vi har samarbeid både nordover og sørover. Dette fragmenterte samarbeidskartet gjer koordinering og samarbeid vanskeleg.

Dagens organisering og samarbeid

Tverrfagleg ressursteam

I løpet av 2022 har kommunen fått på plass eit tverrfagleg ressursteam i oppvekstsektoren. Målet med teamet er at den tilsette i skule- og barnehage ikkje skal stå åleine med ei uro, men ha ein stad å konkretisere og drøfte denne uroa. Ressursteamet består av helsesjukepleiar, PPT, barnevern, sosiallærer, pedagogisk rådgjevar og skule/barnehage. Teamet skal støtte og bistå lærarane i skule- og barnehage om dei er bekymra for eit barn. Føresette blir invitert med på møta. Gjennom ulike fagbriller kan ein sjå ei sak frå fleire sider, og kome fram til tiltak som er heilheitlege og effektive. Ressursteamet skal vere eit lågterskeltilbod tilsvarande nivå 0 i BTI-modellen. BTI står for *Bedre Tverrfaglig Innsats* og nivå 0 går ut på å avklare om det er grunn til bekymring. Samstundes som det skal vere førebyggjande, kan ressursteamet òg nyttast som eit tiltak i saker der det kan vere nødvendig med tverrfagleg samarbeid.

Tverretatleg team

Tverretatleg team er eit meir overordna team i kommunen som består av representantar frå oppvekst, helse, frivillige, kultur, planavdelinga, politi, barnevern, PPT og SLT-koordinator. Målet med dette teamet er at ein gjennom lokale data arbeider med korleis ein saman kan styrke beskyttelsesfaktorane i kommunen og redusere risikofaktorane.

I det vidare arbeidet skal tverretatleg team fungere som ein systematisk koordineringsarena der tiltak på planen blir fulgt opp. Teamet skal arbeide etter eit årshjul og sikre kommunikasjon, informasjonsflyt og samarbeid på tvers.

Helsesjukepleiar i barnehagen

Det kan vere vanskeleg å fange opp signalar om at eit barn ikkje har det trygt og godt når dei kun er innom helsestasjonen kvart andre år. Det er og viktig å sjå barnet i ein kontekst, i samhandling med andre barn og vaksne. Kommunen har difor starta opp ei ordning der helsesjukepleiar skal vere i barnehagen faste dagar for å bli betre kjend med barna. Dette er eit viktig førebyggjande tiltak for barn i alderen 0-6 år.

Koordinerende eining

Skal ha oversikt over tilbod innan habilitering og rehabilitering. Dei har det overordna ansvaret for individuell plan og koordinator, og mottar melding om behov for individuell plan og koordinator.

Satsningsområder og tiltak

Traumebevisst omsorg

Alle tilsette i oppvekst, samt helsesjukepleiar er i 2022/23 med på ei satsing kalla *Traumebevisst omsorg* i regi av RVTS sør (Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og sjølvmoedsførebygging). Dette er eit kompetanseprogram som skal gi alle tilsette i oppvekst eit felles kunnskapsgrunnlag når det gjeld korleis vi skal møte barn og unge som har opplevd vonde ting i livet. Dei gode menneskemøta er spesielt viktig for dei sårbare barna, samstundes som dei har ein positiv

effekt på alle barn. Dei tre pilarane i Traumebevisst omsorg handlar om tryggleik, gode relasjonar og regulering av kjensler og åtferd. Programmet består av 6 gruppesamlingar, 4 leiarsamlingar, samt noko digitalt mellomarbeid. PPT og barnevern er og invitert til å delta på samlingane.

Bodskapet til psykolog Howard Bath, opphavsmannen til dei tre pilarane i TBO, er at det er vel så viktig for eit barn å møte trygge vaksne i barnehage, skule og fritid som å ha tilgang til ein psykolog. Det som skjer i kvardagen har langt større effekt på eit barns utvikling og meistring enn den støtte og hjelp dei kan få i terapi. Dette er i samsvar med råd frå Helsedirektoratet; tiltak retta mot grupper med låg risiko (grønt og gult nivå), kan vere meir effektive samla sett, samanlikna med tiltak retta mot individ med høg risiko (raudt nivå). Forklaringa på dette er at ein liten effekt av tiltak retta mot mange, samla sett inneber ei større endring enn effektive tiltak retta mot få individ (forebygging.no/Helsedirektoratet).

Minirisk

Barnehage og skule opplever at stadig fleire barn treng støtte og hjelp i forhold til personlege utfordringar. Dette kan vere krevjande for dei tilsette, då dei i utgangspunktet er fagpersonar innan opplæring, ikkje psykisk helse. Det er eit mål for helse- og oppvekstsektoren at ein helsesjukepleiar og minst ein pedagog startar på ei etterutdanning på UIA kalla Mini-Risk i næraste framtid. Mini-Risk er eit lågterskeltilbod utvikla av ABUP for engstelege barn over 10 år. Fleire skular har no lærarar som har dette studiet, og blant anna Kristiansand kommune har så positive erfaringar med dette at dei har vedtatt at alle tilsette skal lære denne metoden. Mini-Risk består av 8 samlingar over 8 veker, og har eit omfang på om lag 15 timar. Barna deltar på 7 av samlingane, og foreldra på to.

Helsesjukepleiar

Bygland kommune har nyleg tilsatt ny helsesjukepleiar. Ho har skreve ei fordjupningsoppgåve med temaet; «Samskaping mellom helsestasjon og barnehage, for å fremme eit godt psykososialt miljø for barnehagebarn». Dette er utgangspunktet ho tenkjer å bygge vidare på i ei masteroppgåve.

Barnekoordinator

Familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, og som vil ha behov for langvarige og samansette eller koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester, har rett til barnekoordinator etter pasient- og brukerrettighetsloven § 2-5 c.

Kommunen har plikt til å oppnevne barnekoordinator etter helse- og omsorgstjenesteloven § 7-2 a.

Andre velferdstenester har plikt til å samarbeide med barnekoordinator når samarbeidsplikta på individnivå er løyst ut. Dersom det er oppnevnt barnekoordinator, skal barnekoordinatoren sørge for samordning av tenestetilbodet.

Koordinerande eining vil fungere som barnekoordinator i Bygland kommune.

Barnehagepakka

Oppvekstombudet i Agder har eit ynskje om å bli betre kjent i barnehagane i Agder. I samband med det vart «Barnehagepakka» utarbeida. Det er eit to-timars opplegg om trygt og godt barnehagemiljø. Barnehagepakka tar utgangspunkt i endringar i barnehagelova, som blant anna innebærer nytt regelverk for barnehagemiljø, kapittel 8. For Bygland kommune er planen å starte opp med barnehagepakka neste barnehageår, då dei i år har fokus på TBO.

Rutiner for å melde frå til barnevernet

Kommunen arbeider no med å revidere rutinene for å melde frå til barnevernet. Oppveksteininga skal ha ei tiltakstrapp der ein prøver ulike tiltak før ein melder frå til barnevernet (med unntak av mistanke

om seksuelle overgrep og vold.) Tiltaksstrappa bør inkludere fleire bekymringsamtalar med foreldra. Ein kan drøfte saker anonymt med barnevernet undervegs.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis

Kompetanseløftet er eit tiltak frå Udir for leiarar og tilsette i barnehagar, skular og PP-tenesta, og skal bidra til at den spesialpedagogiske hjelpa er tett på dei barna som har behov for det.

Kompetanseløftet skal vere eit varig kompetanseløft på det spesialpedagogiske feltet, Det skal bidra til at alle kommunar og fylkeskommunar har tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane for å kunne førebygge, fange opp og gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskilt tilrettelegging.

Tiltak i kompetanseløftet skal planleggast og gjennomførast i samarbeid med ein høgskule eller universitet. Bygland kommune har oppretta eit samarbeid med UIA. Til saman har UIA og kommunen fått 90 376 kroner til arbeidet for 2022.

Bygland har felles PPT med Bykle og Valle, og det er viktig å samarbeide om kompetanseløftet. Dei tre kommunane er einige om å starte med inkluderande praksis. Bakgrunnen for det er at betre inkluderande praksis på sikt kan føre til mindre behov for spesialpedagogisk undervisning.

Med grunnlag i kommunens utfordringsbilette er dette kommunens fokusområde:

- Få kompetanse til å oppdage utfordringar hos barna tidleg. Flytte tyngdepunktet til PPT frå skule til barnehage.
- Prioritere førebygging. Det er mykje dyrare, både økonomisk og menneskeleg å reparere enn å førebyggje.
- Alle barn og unge skal oppleve trivsel og kjensla av å høyre til.
- Utvikle felles strategiar for inkludering og inkluderande praksis og gjennom dette styrke foreldra i deira rolle.

Foreldrestøttande tiltak

Fafo har på oppdrag frå Bufdir utarbeida ein kunnskapsstatus om tidleg innsats, med særleg vekt på foreldrestøttande arbeid. Studiet viser, med få unntak, at tiltaka har effekt og at foreldras erfaringar er gode. Gjennomgangen viser at foreldre har gode erfaringar med foreldregupper, heimebesøk frå helsestasjon og med oppfølging i barnehage, skule, frå familievern og på arenaer som Familiens hus.

Kartlegginga gjennom oppvekstreforma viser at foreldre ynskjer seg foreldremøter om ulike tema. Tilstandsrapporten til barnevernet viser og at foreldreferdigheiter er eit viktig område å ha fokus på. Det bør vere eit mål i det vidare arbeidet å ha fokus på foreldrestøttande tiltak, og invitere foreldre med når ein planlegg ulike tiltak.

Bygland kommune har per i dag ikkje tilsette med COS-sertifisering (circle of security). Dette er eit område ein ser at det kan vere nødvendig, men også positivt, å samarbeide med andre kommunar i regionen om. I små samfunn kan det kjennest stigmatiserande å delta på slike tiltak. Det kan vere lettare om ein samlar seg om slike kurs på tvers av kommunegrensene.

Nærmiljøsetting

Mange barn og unge i Agder opplever ein barndom med for få trygge voksne og for lite ressursar rundt seg. Risikofaktorer som hopar seg opp, gjer dei sårbare og utsett. Funn fra forskning viser oss at ein god barndom i eit nærmiljø som beskytter varer livet ut.

Saman med CoLAB frå UiA inviterer Agder fylkeskommune kommunar til et pilotprosjekt. Gjennom fem samlingar vil deltakarane teste ut design som metode for å arbeide med faktiske problemstillingar frå sin egen kommune. Målet vil vere å etablere varige og lokalt tilpassa tiltak som skaper nærmiljø med gode oppvekstvilkår. Bygland deltar i satsinga med tre personar; tenesteleiar oppvekst, helsesjukepleiar og leiar for Frivillegsentralen.

Oppfølging av kartleggingsrapport Oppvekstreform

Målet frå Bufetat og Helsedirektoratet er at familiar skal møte menneske med høg fagleg kompetanse i alle ledd. Det er ei utfordring Bygland kommune ikkje kan møte åleine. Vi må tenke langsiktig og arbeide for regionale samarbeid som kan sikre gode og heilheitlege helse- og oppveksttenester. Ein må samarbeide på tvers i kommunen og på tvers av kommunar for å lykkast med arbeidet med oppvekstreforma.

Oversikt over førebyggende tiltak retta mot barn og unge

Alder	Helse	Oppvekst	Generelle overordna tiltak	Støttefunksjonar
Før fødsel	Foreldreforberedande kurs.		AV OG TIL	Tverrfagleg ressursteam (lokalt)
Etter fødsel	Heimebesøk av jordmor.			
0-6 år	Helsestasjonen. Spesiell oppfølging av risikoutsette familiar.	Barnehage	Handlingsretteleiar «Barn som bekymrar»	Stat. ped. Barnevern (interkommunalt)
	Helsesjukepleiar i barnehagen kvar 8.veke	Tiltak i høve Handlingsplan for eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø	Traumebevisst omsorg.	PPT (interkommunalt)
	Tilbod om kompetanseheving for barn som pårørande	Tiltak i høve Handlingsplan for førebygging av ufrivilleg frávær (under arbeid).	Kompetanseløftet for spes.ped og inkluderande praksis.	Abup Koordinator psykisk helse og rus (interkommunal)
6-16 år	Helsesjukepleiar på skulen	Sosiallærar/ rådgjevar	TBO Kompetanseløftet for spes.ped og inkluderande praksis.	20%Kommune-psykolog (for tida vakant. Blir leigd inn ved behov).
	Jentesnakk/ gutesnakk	Tiltak i høve Handlingsplan for eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø Leksehjelp		Barnekoordinator (Oppnemd i koordinerande eining)
	Helsestasjon for ungdom	Tiltak i høve Handlingsplan for førebygging av ufrivilleg frávær		
	Ansvarsgruppe	Utsett Delbart?		

		Veke 6		
	«Psykologisk førstehjelp». Eit strukturelt verktøy som skal kunne gjere unge i stand til å klare å ta vare på eigen psykiske helse.	Livsmestring på timeplanen		
16-20 år	Tilbod om samtale hos helsesjukepleiar/ psykisk helse.			
	Oppfølging av elevar på den private vidaregåande skulen.			
Føre-sette	Avlastning	Foreldremøter/ temamøter	BUA	
	Støttekontakt Bistand til å delta i fritidsaktiviteter, hjelp til en meningsfull fritid og samvær med andre.		Foreldrestøtte på heimesida – ei side med linkar, tips og råd. (under arbeid)	

